



Arkivnr: 2016/2297-2  
Saksbehandlar: Helge Haavardtun

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		10.05.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Restaurering av verneverdige bygg - budsjettfordeling

### Samandrag

Det er i budsjettet for 2016 løyvd 3 millionar kroner til restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige. I premissane for løyvingane er vidareføring av arbeid som er sett i gang på bygg og anlegg. Ein rår til at det vert løyvd 2,4 million kroner til fullføring av renesansehage ved Stend og 0,6 million kroner til fullføring av Isdalshuset i Ulvik.

### Forslag til innstilling

K.stad	Prosjekt	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 658.050.00	07520	02320	Stend vgs-renessansehage	2 400 000	
10 657.050.00	07521	02320	Hjeltnes gartnarskule - Isdalshuset	600 000	
10 400.650.00	07505	02303	Verneverdige fylkeskommunale bygg		3 000 000
				3 000 000	3 000 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 26.04.2016

### **Stend vgs – Renaissancehagen**

Det er tidlegare løyvd til saman 6,05 million kroner til opparbeiding av renessansehagen ved Stend vgs. I 2016 vil ein slutføre arbeida med hagen og målsettinga er å ha anlegget klart til 150-års jubileet for skulen i september. Midlane skal nyttast til slutføring av hageanlegget med utplanting og kjøp av utstyr for vidare forvaltning av hagen. Midlane skal vidare nyttast til ein levegg med portal mot Fanavegen. Leveggen vil og skjerme hagen og skuleområdet for trafikkstøy. Stend vgs vil frå 2017 ha ansvar for vidare forvaltning av renessansehagen.

I saka er det sett av kr. 2.400.000,- til hageprosjektet.

### **Hjeltnes vgs – Isdalhuset**

Av dei verneverdige bygga som høyrar til anlegget på Hjeltnes vgs har ein prioritert «Isdalhuset» og «Stabburet». Til desse to bygga er det tidlegare løyvd kr. 2.125.000,-. Arbeidet med stabburet er slutført.

Til slutføring av Isdalhuset er det naudsynt med ei løyving på kr. 600.000,-.